

S.D. 21/12.87

Høyanger har fått ordførarkjede



Frå v: Kunstnaren Inge Rotevatn, ordførar Arvid Lillehaug og banksjef Johan Kyrkjebø.

Dette har vore hemmeleg lenge, og eg veit heller ikkje korleis Fokus Bank kom inn i biletet. Dette sa banksjef Johan Kyrkjebø då han på vegne av banken gav ordførar Arvid Lillehaug i Høyanger ei ordførarkjede på ei tilskping på Øren Hotell torsdag kveld.

Kyrkjebø kunne fortelje at det var kunstnaren Inge Rotevatn som hadde laga kjeda.

Tidlegare vart det delt ut bordfaner o.l. til merkesmenn, men også

merkesmennene i dag treng eit symbol, og no er faner blitt litt gammaldags, sa han. Ein ordførar er i dag ein merkesmann og difor skal han ha denne kjeda, sa Kyrkjebø.

Denne skal han ha for at både dei som kjenner han og dei som ikkje kjenner han veit at han er ordførar.

Men kvifor skal ein bank gje ei slik gåve? Vel, slik har det vore i andre kommunar, så kvifor ikkje i Høyanger, sa Kyrkjebø.

Han la til at Fokus Bank alltid hadde hatt eit godt forhold til Høyanger kommune.

I samband med banken sitt jubileum i 1966 vart det gjort vedtak av

styret at banken skulle gje Høyanger eit ordførarkjede. Men ein møte på vanskar og måtte gje opp den gongen, sa Kyrkjebø.

Han var eigentleg ikkje noko særleg lei seg for det.

Resultatet i dag er blitt mykje betre enn vi ville ha fått til den gongen, la han til.

Ordførarkjeda er laga av sølv og emalje.

Ordførar Lillehaug takka for gáva og opplyste at ein grunn til at resultatet hadde blitt så bra var samarbeidet mellom banken og kommunen.